Kortsvarsoppgåve

Språk, miljø og menneskesyn

I innleiinga til romanen *Hvem sa hva? Kvinner, menn og språk*, skriven av Helene Uri i 2018, finn ein fleire verkemiddel som får fram synet hennar.

Hovudsynet til forfattaren ser ut til å vere at språket er prega av fortida, og at dette påverkar synet vårt på kjønn og likestilling. Det er mogleg at Uri har eit ønske om å gjere oss oppmerksame på nett dette ved hjelp ein metafor: «Ord er broer tilbake til fortiden, til et samfunn og en levemåte vi har forlatt». I teksten nyttar ho også ord som «nordmann» og «mannskap» for å understreke at vi framleis heng att i fortida med dei eldre kjønnsideala.

Uri bruker også kontrastar som har med miljøet å gjere for å få fram synet sitt. Gatene er til dømes «... oppkalt etter døde menn ...», medan det litt lengre opp i gata står «... en skulptur av en naken nanvløs kvinne». Det gamle synet på menn og kvinner held enno fram i dag, både i bymiljøet og i språket.

Det er også nytta fleire andre metaforar og i tillegg anafor for å grunngi synet om at vi heng igjen i fortida. Innleiingsvis seier Uri at «En by er en labyrint av trange gater og plasser, av nye og eldgamle hus side om side». Vidare i teksten skriv ho at «Akkurat som det bygges nye hus ...» blir det bygd nye ord som «... opphaver, talskvinne og hen». Til slutt kan vi lese at «Akkurat som det blir protestert mot ny arkitektur, blir det protestert mot nykonstruerte ord». Dette kan indikere at vi er på rett veg når det gjeld å oppdatere språket vårt, men at mykje arbeid står att, sidan ein kan vente reaksjonar når språket endrar seg.

For å få fram synet sitt om at språk og miljø framleis kan verke kjønnsdiskriminerande, bruker forfattaren altså metafor, kontrast og anafor som verkemiddel.

Kjelde

Uri, Helene: *Hvem sa hva? Kvinner, menn og språk*, Gyldendal 2018

Oppgåve 3 – langsvar

Det ligg i menneska sin natur å samanlikne

Heilt frå vi er små, og kanskje allereie i barnehagen, startar vi med å samanlikne oss med kvarandre. Barn kan sjå på kvarandre å tenke: «woaw, ho har lært seg å gå!», eller kanskje til og med misunne nokon for å vere betre enn dei til å ete opp maten sin. Det å samanlikne oss med andre er noko vi oppfordrar barna våre til å gjere, kanskje utan at vi sjølv legg merke til det. Søstera mi, som har vore barnehagelærar i mange år, fortel meg om alle dei gongane ho blir sliten av «djevelske barn» som ikkje vil legge seg i vogna si, og da kan det hende ho seier ting som «sjå på Markus, han er flink til å sove». Det er altså frå barndommen av, frå ei tid vi ikkje eingong hugsar noko frå, at vi begynner å samanlikne oss med andre, og dette følger oss vidare i livet.

I eit utdrag frå sakprosaboka *Blokka på Bjerke: 13 år i tredje etasje* (2023), skriven av Bjørn Hatterud, er det kanskje ikkje barnehagebarn det er snakk om. I staden samanliknar eg-personen forholdet mellom det å bu på Bjerke, og livet til dei på «... andre sida av Trondheimsveien, litt lenger nord og litt nærare Kjelsås». Forteljaren poengterer at prisane på andre sidan av Trondheimsvegen «... litt dyrare enn Bjerke». Dei ved Kjelsås bur også «... nærare marka», og om ein reiser enda lengre, forbi Årvoll, treffer ein bebuarar som ikkje berre er kvitare, men også «... slankare og meir trena». Dette er eit eksemplarisk eksempel på at vi ikkje alltid samanliknar oss med andre menneske, men òg med ting som miljø.

Eg har ein bestefar som gjentatte gongar minner meg på at livet i Noreg er bra samanlikna med i andre land. I det eg sitt og skriv eksamen, synest eg oppriktig talt synd på meg sjølv, men samtidig føregår det fleire krigar i verda, slik som krigen i Ukraina, og det finst framleis fattigdomkriser som rammar familiar over hele verda. Bestefar er ikkje det mest reflekterte mennesket på planeten, men han er verdsmeister i å minne meg på at eg ikkje har nokon grunn til å klage. Ofte når familien vår er samla og sit fredeleg rundt eit dekt bord med bestemor sine nydelegaste karbonadar, har han ein tendens til, ut av lause lufta, å seie: «vi har det bra», medan han gaflar i seg mat, lykkeleg vitande.

Eg-personen på Bjerke er tilsynelatande opptatt av sosiale markørar når han samanliknar seg med andre. For han er ein vellykka om ein «... joggar eller syklar i syntetiske og tettsittande

treningsklede». Trening har i dag tatt over som det nye statussymbolet, og det å vere veltrent og gå i «... syntetiske og tettsittande treningsklede», er for mange av oss blitt vegen til eit godt liv. I byane i dag kan ein sjå slike sosiale markørar over alt dersom ein tar ein gåtur i sentrum. Det er ikkje uvanleg å møte folk som løper i tights og med «raske briller», berre for å vise kor prestisjefylte dei er. Og ikkje nok med det. Treningssentera driv i dag med aktiv kommersialisme, utan å betale ei krone for mykje av marknadsføringa. Korleis, spør du? Jo, viss du bur i ein storby, har du kanskje lagt merke til at det har blitt ein trend blant treningsstudio å ramme inn 10 meter høge, og 20 meter breie vindauge, slik at alle som vil kan ta ein titt på dei trendy menneska som slit seg forderva der inne for å gjere seg klare til sommaren. Det er utfordrande ikkje å la seg påverke. Det same, kan ein kanskje seie, har eg-personen på Bjerke har lagt merke til. Bebuarane forbi Årvoll, er «... slankare og meir trena», kanskje fordi menneska forbi Årvoll samanliknar seg med dei som held til i deira eige nærmiljø, og ikkje dei som bur utanfor.

Etter barnehagen begynner barneskulen, og her finst det enda fleire måtar å samanlikne seg med andre på. Her er jenter kanskje mest opptatte av utsjånaden, av det å vere pene og staselege, medan det er pokémon (fantasidyr, som det er laga tv-seriar, dataspel og kortspel av) og fotball som var arenaane for samanlikning for gutane, i alle fall da eg var liten. Den som hadde dei beste pokémonkorta, eller var best i fotball, pleidde som regel å vere populær og godt likt i barneskulemiljøet, men dette kunne endre seg brått. Ein av dei beste pokémonkorta ein kunne ha var eit glansbilde av pokmonen Charizard, og den hadde broren min. Han vart stadig omringa av alle, og beundra som om han var ein keisar i det romerske imperiet, respektert av alle. Men akkurat som i Romarriket i oldtida kunne herskarane når som helst bli dolka i ryggen og miste all ære. Broren min, som gjekk i tredje klasse, var mykje i nærleiken av sjetteklassingar med kniv i lomma. Ein gong forsvant Charizarden til broren min sporlaust, og han var ikkje lenger så viktig blant gutane. Eit år seinare, hadde ein sjuandeklassing komme til makta, med Charizarden trygt plassert i permen, og han stod rakrygga på skuleparken som var han Julius Cæsar.

Å samanlikne seg med andre kan fort leie til sjalusi, enten ein er barn eller vaksen. I utdraget frå romanen *Gjestene*, skriven av Agnes Ravatn i 2022, møter vi vaksne menneske som ser på kvarandre med dømmande blikk. Eg-forteljaren i teksten, Karin, får låne hytta til barndomsvenninnen Iris. På innsida av hytta legg Karin merke til eit bilde av «Ein familie på fire i solnedgang». Bildet portretterer «To brune, små gutar ...» som er på same alder som

gutane til Karin, men Iris sine gutar har «.. struttande, kvite smil», og ikkje minst har dei eit «... rufsete surfehår kvitt av sol». Etter å ha inspisert bildet, kjenner Karin plutseleg eit «.. raseri over at verda er som ho er ...», og ho begynner å reflektere over kvifor barna hennar «... skal behandlast dårlegare enn for eksempel Iris og hennar barn» av kelnerar. Samanlikninga mellom barna gjer at Karin tenker bitre tankar om røynda, og gløymer at det er nett mora til desse barna ho har fått låne hytta av.

Denne bitterheita er eit klassisk eksempel på noko ein ofte finn att i ungdomskulturen i dag. Da eg gjekk på ungdomsskulen hadde sosiale medium som Instagram og Snapchat akkurat blitt ei greie, og det var høgkultur å bruke dei. På same måte som at Karin vurderer seg opp mot Iris på eit bilde, blei denne teknologien ein måte for ungdom å samanlikne seg sjølv med andre på. Med filter og justeringar kunne kven som helst sjå ut som Paris Hilton, og dette gav ofte grobotn for misunning. Det var også om å gjere å få flest moglege «likes» på innlegga sine, og ein høyrde til tider om folk som gjekk rundt og spurde om ein kunne trykke på «likar-knappen» på profilbildet deira. Krigen om oppmerksemd hadde gjort mange av oss til influensarar, og da var det ein fordel å gjere som Iris, nemleg å stå i «... kvit bikinitopp med ein venstrearm ...» som forsvinn «... ut og bak mobilkameraet».

Frå ein er liten til ein er stor er det heilt naturleg å samanlikne seg med andre. Av og til kan det vere ein god ting – det kan inspirere og få oss til å jobbe hardare for å nå måla våre – medan det andre gongar kan skape problem. Mens ein veks opp vil ein forhåpentlegvis reflektere over dette, og bruke det som ein lærdom vidare i livet. Ved å vere bevisst på at ein har det godt samanlikna med mange andre i verda, samstundes som lærer seg å tole at det finst andre som har det betre enn oss, kan ein nytte kunnskapen til å finne balanse i kvardagen.

Kjelder

Hatterud, Bjørn: *Blokka på Bjerke: 13 år i tredje etasje*, Det Norske Samlaget 2023
Ravatn, Agnes: *Gjestene*, Det Norske Samlaget 2022